



## Klagerett på standpunktakrakterer

Forskrift til opplæringslova - Kapittel 5. Klage på vurdering - Lovdata

### Ønsker du å klage på karakterer?

- Eleven har rett til å klage på alle standpunktakrakterer dersom eleven meiner at gjeldande regler for fastsettning av standpunktakrakterer ikkje er fulgt.
- Eleven har også rett til å klage dersom eleven ikkje har blitt vurdert i faget (vedtak om IV- ikkje vurderingsgrunnlag).
- Eleven kan klage sjølv, og foreldrene kan klage på vegne av eleven fram til han eller ho fyller 18 år.
- Eleven eller foreldrene kan også krevje grunngjeving for standpunktakrakteren før dei klager.
- Du kan IKKJE klage på undervegsvurderinga. Det er kun sluttvurdering (standpunktakrakter) som det kan klagast på.
- Rådfør deg gjerne med faglærar og få grunngjeving for karakteren før du klager på standpunkt- eller eksamenskarakterer
- Klagen må vere skriftleg, og du må ha med din private adresse. Årsaken til det er at du kanskje ikkje får svar på klage før skolen er slutt og dirfor sendast det til din adresse. Den må signerast av eleven eller foresatte.
- I klagen bør du skrive kva for karakter du klager på og kvifor du klager. Klagen bør også innehalde anna relevant informasjon og grunngjeving for kvifor du/de klager.
- Når du klager, skal du vere merksam på at klagebehandlingen kan føre til at karakteren blir ståande, at karakteren blir sett opp, eller at karakteren blir sett ned.

Fristen for å klage på standpunktakrakterer er **10 dager**. Fristen går frå den dagen eleven har fått karakteren, eller den dagen han eller ho har fått grunngjevinga.

Klagen skal sendast til rektor.